



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

---

Dato:	07.03.2018
Arkivsak	16/00004
Dokumentnummer:	16/00004-009
Arkivkode:	311
Saksbehandler:	Kari Torland

---

---

<b>Saksnr</b>	<b>Sak</b>	<b>Møtedato</b>
010/18	Høring om justering av gudstenesten	20.03.2018

---

## Saksfremstilling

### Høyringsvar frå Nærbø sokneråd.

*1a: Hvordan mener dere gudstjenestereforma har påvirket gudstjenestelivet i Den norske kirke?*

*1b: Hva har fungert godt og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereforma?*

Mykje i gudstjenestereforma har fungert godt. I Nærbø kyrkjelyd har me gjort nytte av den opninga me opplevde reforma gav til å ha variasjon i gudstjenestetypar. Me har utvikla og arbeidd fram ulike gudstenester som fungerer godt til ulike høve.

Reforma har og bidrege til at fleire har vorte involverte i planlegging og gjennomføring av gudstenesta. For nokre av gudstenestene har me eigne utval som har ansvar for heile gudstenesta, og som involverer fleire til ulike deler av gudstenesta. Me trur og at me har fått eit større medvit om at ikkje alt i gudstenesta er kjent stoff for alle, og at me difor er betre på å forklara kva me gjer. Nattverden har fått ein naturleg plass i mange av gudstenestene, sjølv om me er langt i frå at nattverd er hovudregelen.

Me lukkast berre delvis i å involvere fleire barn, ungdommar og unge vaksne. Heller ikkje på det musikalske området har me heilt lukkast i å fornya gudstenesta.

Gudstjenestereforma og arbeidet med den var stort og komplekst med mykje detaljar og mange ting å ta stilling til. Gudstjenestereforma har ikkje ført til auka oppslutning om gudstenestene. Den nye salmeboka og tekstrekkeane har vore eit positivt element i dei erfaringane me har gjort oss. Samtidig har me som kyrkjelyd behov for å bruka ein del materiale som ikkje er inkludert i salmeboka, og tekster som ikkje står i tekstrekka.

*1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet framover?*

*1d Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?*

For oss i Nærbø kyrkjelyd er det viktig at

- me kan ha variasjon mellom ulike typar gudstenester med ulike musikalske uttrykksformer
- presten har fullmakter til å fråvike ordningane på einskilde gudstenester
- det er høve til å nytta liturgisk og musikalsk materiale frå andre kjelder
- grunnordninga for hovudgudstenesta i størst mogleg grad inneheld «Kan»-ledd, og ikkje så mange «må»- eller «skal»-ledd.



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

- me får eit betre liturgisk materiale til trusopplæringsgudstenester og andre gudstenester for barn
- ordrikdomen, særleg i samband med sakramenta og forbøna, vert noko mindre
- me ikkje får nye, omfattande prosesser rundt ordning for hovudgudsteneste

*2. Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?*

Det skulle ikkje vera behov for at lokal grunnordning gjeld berre i ei avgrensa periode. Det ville heller vera naturleg at ein ser på lokal grunnordning i samband med ein visitas.

Det sit fagpersonar på liturgi og kyrkjemusikk i dei fleste stabane i norske kyrkjelyder, og me meiner at hovudregelen må vera stor fagleg fridom og ansvar lokalt. Prest og kyrkjemusikar og andre involverte må kunne gjere eigne val og vurderingar utan å måtte hente inn godkjenning eller vera underlagt prosedyrar.

*3. Justeringer i hoveddel I. Samling, ledd 1-8*

3a og b:

Me ønskjer å behalda «kan»-formuleringa i førebuingane til gudstenesta.

3c:

I Nærbø står me som hovudregel under første salmen, men det hender at det ikkje høver seg slik likevel. Me ønskjer å behalde «kan»-formuleringa.

*3f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbekjennelse i høringsforslaget?*

Ordet «Barmhjertighet/Miskunn» er gode ord, men me trur at «Nåde» vil fungera betre. «Guds nåde er stor» er ei alternativ formulering.

Me ønskjer å behalda alternativet «Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving» som me har brukt i Nærbø dei siste åra.

Her vil me støtta ei avgrensing av talet på ferdig formulerte syndsvedkjenningar, men me vil gjerne behalda opninga for ved enkelte høve å nytta særskilde formuleringar, eller songar som kan fungere som ei syndsvedkjenning. Me har til dømes brukt «Se i nåde til oss» av Bjørn Eidsvåg som ein kombinert syndsvedkjenning og Kyrie ved enkelte høve.

*3i: «Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?»*

Nei. Me ønskjer å ha høve til å variera mellom samlingsbøn og dagens bøn. Samlingsbøna har vorte ein naturleg del av starten av gudstenesta vår. Det er oftare at me ikkje bruker dagens bøn, særleg når me har temagudstenester eller trusopplæringsgudstenester, kor dagens bøn vert eit framandelement. Me opplever at det er fint å kunne nytta dagens bøn som samlingsbøn, til dømes på høgtidsdagane.

*4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II, Ordet?*

4a:



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

Me bruker ikkje kyrkjelydssvar etter første eller andre lesing, så me har ingenting imot at det vert tatt bort.

4c:

Me trur at eit kyrkjelydssvar i samband med evangelielesinga kan fungera godt, men me vil halda fast på at det bør vera eit «kan»-ledd, og ikkje obligatorisk.

Me stussar på at salme før evangelielesinga ser ut til å vera tatt bort, utan at det er kommentert i høyringsdokumentet. Me ønskjer å behalda salmen før evangelielesing og preik.

Me opplever at justeringsforslaget stramar inn på høvet til å bruka andre tema eller tekster enn dei frå tekstrekka. Til trusopplæringsgudstenester og til temagudstenester vil det ofte vera heilt naudsynt å kunna bruke andre tekstar til preika. Det bør reflekterast i instruksane at hovudregelen er den preiketeksta som går frem av tekstrekke, men at det kan nyttast andre tekstar der kor det er naudsynt.

Me undrast og over at setninga om at de kan leggjast inn «aktualiserande, dramatiserande og aktiviserande» innslag i preika vert stroken utan kommentar. Det er jo vanskeleg å sjå for seg ei preike på ein trusopplæringsgudsteneste utan desse verkemidla. Me vil tru at det framleis kan vera høve til å bruka slike verkemiddel, men utan at det treng stå. Då skulle det kan hende følgt med ein kommentar om det.

4d:

Lovprisninga etter preika ønskjer me og skal vera eit «kan»-ledd.

4i: Forbønn

Me er ikkje einig i at forbønnsdelen og nattverdsdelen må haldas frå kvarandre ved alle høve. Me er samde i at det er hovudregelen, men både for det praktiske og for tidsaspektet er det for oss ved einskilde høve naudsynt å få feira nattverd samstundes med å ha bønnevandring. Vår røynsle er at me oppnår eit «ordna kaos» som høver godt for born og for dåpsfamilier som kan hende er framande for nattverden. At det skjer fleire ting på ein gong gjer det mindre sårbart og synleg for dei som av ulike grunnar ikkje ønskjer å ta del i nattverden, og for dei som vil ta del for fyrste gong.

*5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken?*

I Nærbø kyrkjelyd praktiserer me ein variasjon av både særkalk og kneling, og intinksjon. Vår røynsle er at det er lettare for nokre å gå til nattverd for fyrste gong viss me bruker ulike stader i kyrkjerommet, og viss det er «enkle» måtar å ta imot nattverden på.

*5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.*

Me bruker konsekvent «kropp» i Nærbø, men støtter at det kan vera eit alternativ med «lekam».

Me støtter ein konsekvent bruk av ordet «beger», heller enn «kalk».



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

*5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?*

Me er skeptiske til å gjera takkofferet til ein del av nattverdliturgien. Det er vanskeleg, både teologisk og kommunikativt.

Takkofferet er meir enn eit lovprisingsoffer. Det som skjer i takkofferet har eit sterkt preg av teneste for nesten. Ofte er det dette som vil ligge fremst i bevisstheten hos gudstenestedeltakarane. Og det som nettopp ikkje bør blandes med nattverden, som uttrykker Guds nåde og frelse, er våre gode gjerningar. Det er nærliggjande å tenke at noen, vil kunne oppleve offeret som betaling, for gudstenesta eller nattverden. Denne faren er nærliggjande nok slik det er i dag.

Ut i frå både praktiske omsyn, tradisjon og teologi meiner me difor at takkofferet framleis skal vera ein del av forbøna.

*5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høyringsforslaget?*

*6: Kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene*

Det gjeld for fleire stader i gudstenesta at ho kan verta ordrik. Særleg kjenner me at det gjeld ulike bøner som, i staden for å vera ein bøn til Gud, synest å ha som hovudmål å undervisa kyrkjelyden i til dømes nattverden.

Me ønskjer at det skal vera mest mogleg valfridom rundt dei heilt klart obligatoriske ledda. Somme tider treng me å korta ned på ordrikdommen, andre tider vil me ha det med. Til dømes har me somme tider nattverden før preika, før søndagsskuleborna går til sitt. Det gjer me for å markera at søndagsskulen er ein del av den gudstenestefeirande kyrkjelyden. (Dette er ein godkjend lokal ordning.) Då treng me å knappa inn nattverdliturgien til berre det heilt sentrale. Valfridom!

*7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?*

Det er ikkje sjølvsagt at høvet til å utforme eigne utsendingsord skal fjernast. Dei tre skriftorda som er lagt inn i teksten i utgangspunktet dekkjer likevel behovet for ulike vis å avslutte gudstenesta på, saman med den tradisjonelle sendinga.

## **Forslag til vedtak**

*«Nærbø Sokneråd sender det utarbeidde svaret på høyringa om justering av hovudgudstenesta til kyrkjerådet med dei justeringar som vart vedtekne i møtet.»*

## **Møtebehandling**

### **Vedtak**

Nærbø Sokneråd sender det utarbeidde svaret på høyringa om justering av hovudgudstenesta til kyrkjerådet med dei justeringar som vart vedtekne i møtet.